

Referat frå FAU- møte 30/11-22

Tilstades: Linn Therese McConnachie, Tina Krøke, Conn2y Olufsen, Jan Ole Skogestad, Stian Fjæreide, Andreas Hamre Lie, Nichole Schmidt, Frode Ekerhovd, Torun Svennevik

1. Rektor informerer om planene for ombygging. Det er tenkt oppstart i april 2023. Det blir foreldremøte over nyttår der planene blir gått igjennom. Legg ved bilder, av litt info som blei presentert, på spond.

2. 17. mai 2023: Sidan skulen er midt i ombygging blir det vanskeleg og ha feiring på skulen. Frode kom med eit forslag om å ha feiringa på Fjell Ungdomsskule. Dette syns vi var eit godt forslag og rektor skal høyre om det kan la seg gjere. Linn Therese og Tina skal få i gang 17.mai komiteen over nyttår.

3. Temakveld med barnevakten: Lærerne kan ikkje organisere dette pga. ombygging. Linn Therese undersøker priser for å leige inn Barnevakten og ha trinnvis undervisning med elever og foreldre saman.

4. Ynskjer frå elevrådet:

*overbygg over deler av uteområdet. Dette blir tatt med i utbyggings planane.

*Det er også komt ynskje om basketballkorg. Connie undersøker priser.

*Ballbinge står også på ynskelista frå elevane. Kanskje det kan gå an å få til noko på «lillebanen»??. Dette må diskuterast vidare.

*Garderobeforhold: Det manglar knaggar inne i dusjen i guttegarderoben, og det er ikkje forheng inn til dusjen. Dette gjer at ein ser rett inn i dusjen når ein går ned i garderoben. Det same gjeld i jentegarderoben. Vi var på befaring i gymsalen og garderobene. Det er også komt ynskje om skiljeveggar i jentedusjen.

* Elevane ynskjer eple juice og sjokomelk som alternativ til skulemelk. Bringer dette vidare til ledelsen.

*Det er mangler på fotballer. FAU kjøper inn nye baller

5. FAU ynskjer fortsatt å ha ei bod i bomberommet til div utstyr, også etter ombygging.

6. Jan Ole undersøker alternativer til dropbox for lagring av felles dokument, evt finne ut korleis vi kan legge inn nye dokument.

7. Kan alle skrive ein kommentar med kva klasse dåke er FAU-representant for?

8. Det skal kastast mykje gammalt utstyr på skulen før ombygginga. 24 . januar blir det foreldredugnad på skulen. Lærerne treng hjelp til å kaste boss opp i containere. Nærmere info kjem over nyttår.

9. Neste møte blir 11. januar kl. 19

Referat v/Torun Svennevik
